



ÅRSPLAN 2018

VERDISKAPINGSPLANEN FOR SOGN OG FJORDANE 2014 – 2025

Hvis det blir høg nasjonal vekst og Sogn og Fjordane har høg næringsattraktivitet, vil det bli ein nettovekst på 174 arbeidsplassar i 2019.

Men hvis den nasjonale veksten blir låg og den strukturelle utviklinga mindre gunstig, blir det ein nedgang på 55 arbeidsplassar i 2019.

I begge tilfella har Sogn og Fjordane nøyaktig same næringsattraktivitet.



Tekst og illustrasjon over: Telemarkforskning 2018

Innhald

1	Innleiing	3
2	Nyskaping	4
2.1	Kort om organisering av oppfølgingsarbeidet innan nyskaping	4
2.2	Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga	4
2.3	Prioritert aktivitet i 2018	5
2.4	Oppsummering og finansiering	7
3	Kunnskap	9
3.1	Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga	9
3.2	Prioritert aktivitet for å nå målet	9
3.3	Verkemiddeloversikt	11
4	Reiseliv	12
4.1	Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga	12
4.2	Prioritert aktivitet for å nå målet	12
4.3	Ressursar til arbeidet i 2018	14
5	Olje og gass	15
5.1	Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga	15
5.2	Prioritert aktivitet for å nå målet	15
5.3	Ressursar til arbeidet i 2018	16
6	Fornybar energi	16
6.1	Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga	16
6.2	Prioritert aktivitet for å nå målet	17
6.3	Ressursar til arbeidet i 2018	17
7	Landbruk	18
7.1	Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga	18
7.2	Prioritert aktivitet for å nå mål	18
7.3	Ressursar til arbeidet i 2018	19
8	Sjømatnæringane	19
8.1	Prioritert aktivitet for å nå målet	19
8.2	Ressursar til arbeidet	22
9	Politiske problemstillingar	22

1 Innleiing

1.1 Politiske vedtak

Verdiskapingsplanen – utgangspunktet for årsplanen – finst på www.verdiskapingsplanen.no

Formelle vedtak:

- Regional plan for verdiskaping (verdiskapingsplanen) vart vedteken av fylkestinget i Sogn og Fjordane 11. juni 2014.
- Ein firårig handlingsplan for perioden 2015-2018 vart vedteken av fylkestinget 9. desember 2014.
- Ein Industristrategi vart vedteken av fylkestinget 13. oktober 2015
- Vedtaket i FT sak 6/16 om ei satsing Landbruk som er inkludert i verdiskapingsplanen
- Regional planstrategi 2016-2020, vedteken av fylkestinget 14. juni 2016 i sak 23/16

Nærare om oppfølgingsoppgåver basert på politiske vedtak:

- Overordna politisk ansvar for oppfølging av handlingsplanen er lagt til Fylkesutvalet. Ansvar lagt til hovudutvala følgjer den til ei kvar tid gjeldande arbeidsdeling mellom dei politiske utvala.

1.2 Næringsforum sitt oppfølgingsarbeid

Partnarskapen er organisert i næringsforum. Næringsforum er leia av fylkeskommunen v/ fylkesdirektør for næring og kultur. Faste medlemmer i forumet er: NHO, LO, NAV, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen v/Landbruksavdelinga, Innovasjon Norge og KS.

1.3 Målsettingane

Formulerte målsettingar vert ikkje repeterte i årsplanen med mindre det er viktige endringar.

Det er føresett at målsettingane vert vidareutvikla etter kvart som ei satsing vert utvikla.

Det er ei fagleg krevjande oppgåve å presentere resultatinformasjon; særleg dersom vi ønskjer å framstille samheng mellom innsats og resultat.

I 2018 vil vi presentere «verdiskapingspanelet» der føremålet er å legge fram informasjon som gir støtte for diskusjonar om resultatata av arbeidet vårt. Verdiskapingspanelet

(www.verdiskapingsplanen.no) har 3 typar informasjon:

- Korleis vi prioriterer verkemiddel
- Indikatorar knytt til målsettingar i satsingar i verdiskapingsplanen
- Overvakingsindikatorar spesielt knytte til utvikling av arbeidsplassar

1.4 Vurdering og rullering i 2018 – konsekvensar for årsplanen 2018

Verdiskapingsplanen vart vedteken i juni 2014. Partnarskapen gjer opp ein grundig status og vurderer kva som fungerer bra og kva som treng justering. Desse vurderingane vil komme i ei sak planlagt lagt fram for fylkestinget i juni.

Handlingsplanen for 2018 er basert på eksisterande planverk. Sidan statusvurderingar og ev justeringar vert handsama i eiga sak, vil årsplanen denne gangen ha merksemd på prioritert aktivitet og ressursar til arbeidet frå partnarskapen.

2 Nyskaping

Arbeidsfeltet femnar vidt, og er delt i følgjande tema

- Næringsapparatet/kommuneretta innsats
- Offentlege tenester
- Virkemiddelpolitikk
- Entreprenørskap

Omtale av nyskaping i verdiskapingsplanen:

<https://verdiskapingsplanen.no/7-nyskaping-evne-til-fange-opp-gode-initiativ/>

Nyskaping i den 4-årige handlingsplanen 2015 - 2018:

<https://verdiskapingsplanen.no/handlingsplan/4-nyskaping-evne-til-fange-opp-gode-initiativ/>

2.1 Kort om organisering av oppfølgingsarbeidet innan nyskaping

Vi har lagt vekt på å følgje opp dei viktigaste områda som vi (dei samarbeidande aktørane/ partnerskapen) saman kan gjere noko med. Det skisserte arbeidet er eit «fellesløft» i den forstand at vi må utfylle einannan og vere godt samordna i desse satsingane.

Organisering av oppfølgingsarbeidet kan grovt sett delast i to:

- Aktivitet innan styrking og koordinering av næringsapparatet/kommuneretta innsats
 - Samlingar, kurs, informasjonsutveksling og koordinering av innsatsen
 - Desse oppgåvene vert løyste av fylkeskommunen si nærings- og kulturavdeling, i samarbeid med Innovasjon Norge, og i samråd med andre partnerar som kommunar og næringselskap
- Andre tiltak innan plantema nyskaping
 - Offentlege tenester, virkemiddelpolitikk og entreprenørskap
 - Handlingsplanen for 2015-2018 har peika på kven av partnerane som skal ha hovudansvar for å følgje opp det aktuelle området, i samråd med andre partnerar

4.2 Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga

Vi er inne i ei tid der det er særskild viktig at næringslivet vårt nyttar dei sjansane som ligg i det teknologiske skiftet; også omtala som digitalisering og robotisering. Dette kan vere utfordrande nok, særleg for mindre bedrifter. Fylkeskommunen og næringsapparatet elles styrkar no eigen kompetanse med tanke på å gje råd og kople bedrifter til miljø som kan hjelpe til med å takle desse utfordringane. Det teknologiske skiftet er tema på samlingar både for bedrifter og for næringsapparatet.

Samfunnet vårt og ikkje minst forbrukarane vektlegg miljøomsyn stadig sterkare. Dette skapar muligheit for dei bedriftene som utviklar gode miljøløysingar. Næringsapparatet må følgjeleg styrke sin innsats for å legge til rette for at våre bedrifter skal henge med i det grønne skiftet.

Talet på arbeidsinnvandrar har gått ned sidan verdiskapingsplanen vart til, og problemstillingar kring tilrettelegging for arbeidsinnvandrar er ikkje fullt så sentrale som tidlegare. Men vi tek sikte på få i gang eit arbeid der vi betrar dei offentlege nettsidene, nettopp for å sikre betre informasjon til arbeidsinnvandrane og for den del andre framandspråklege.

4.3 Prioritert aktivitet i 2018

4.3.1 Styrking og koordinering av næringsapparatet/ kommuneretta innsats

Kompetanseheving gjennom kurs og samlingar

Næringsmedarbeidarar i kommunar og næringssselskap har trong for ulike kurs og samlingar for å vere ein god rettleiar overfor etablerarar og lokalt næringsliv. Dei må også vere trygge på ulike regelverk og rutinar i samband med forvaltning av offentlege midlar. Kursa blir stundom lagt til samlingar for næringsmedarbeidarar. Samlingane fungerer også som gode møteplassar, i tillegg til at dei skal gje påfyll til å arbeide utadretta og oppsøkjande opp mot etablerarar og bedrifter.

Vi nemner her nokre av dei aktuelle tema for kursa og samlingane:

- Teknologiskifte, m.a. digitalisering og robotisering
- Det grønne skiftet og dei mulighetane som ligg i å utvikle betre miljøløysingar
- Samordning av næringsapparatet, også fram mot år 2020
- God forvaltning av kommunale næringsfond
- Innkjøpsreglement og reglement for offentlig støtte

Informasjon og informasjonsutveksling – og nettsida Driftig.no

Nye næringsmedarbeidarar i kommunar og næringssselskap vert inviterte inn til å møte fylkeskommunen si nærings- og kulturavdeling og Innovasjon Norge. Dette for å gjere seg kjende med kvarandre, og utveksle informasjon som skal lette kontakten i det daglege.

God informasjonsutveksling er også ein føresetnad for å opptre som eit samordna næringsapparat. Her har vi god nytte av å møtest i samband med kurs, samlingar og studieturar.

Driftig.no er ei nettside som skal gje nyttig informasjon til etablerarar og småbedrifter. Deriblant kommunevis informasjon om kvar ein skal vende seg for å finne hjelparar i kommunar og næringssselskap. Driftig.no syner aktuelle tilbod som kan vere av interesse, m.a. ulike kurs og samlingar for etablerarar. Her finn ein informasjon om det å starte si eiga bedrift, råd og inspirasjon. Driftig.no skal vere hovudkanalen for informasjon relatert til nærings- og gründerarbeid, frå kommunalt- og regionalt nivå til etableraren. Også dei offentlege hjelparane skal ha nytte av Driftig.no, ved at ein ser når dei ulike tilboda vert gjevne. Driftig.no er vidareutvikla, og vi vil i 2018 styrke marknadsføringa av denne nettsida.

Kort om tiltak for informasjonsarbeid i 2018

- Studietur for nærings-medarbeidarar til Bergen vår 2018
- Samling for næringsmedarbeidarar haust 2018
- Møte med nye næringsmedarbeidarar
- Vidareutvikle Driftig.no og styrke marknadsføringa av nettstaden

Setje oss betre i stand til å takle det teknologiske skiftet – digitalisering og robotisering

Det vert gjennomført samlingar der det teknologiske skiftet er tema, for å styrke næringsapparatet si evne til å rådgje bedriftene våre.

Setje oss betre i stand til å møte det grønne skiftet – utvikle gode miljøløysingar

Dei sjansane som ligg i det grønne skiftet vert tema på samlingar, både for næringsapparat og bedrifter.

4.3.2 Andre tiltak innan nyskaping

Offentlege tenester

- Hjelp kommunar og dei andre offentlege aktørane til å ha oppdaterte planverk

Gode og oppdaterte planar er eit godt grunnlag for gode og gjennomtenkte løysingar. Dette gjeld frå samfunnsdelen i kommuneplanen og heilt ned til arealplanar. Det er ein del av oppgåva til planfunksjonen i fylkeskommunen å spele kommunar og andre gode innan planlegging. Det vert tilbode samlingar, og lagt til rette for nettverk og samarbeid mellom kommunar.

- Tilrettelegging for arbeidsinnvandrarar

Når det gjeld offentlege tenester har verdiskapingsplanen framheva ei betre integrering av arbeidsinnvandrarar og lettare tilgang til gjennomgangsbustadar. Fylkeskommunen og Nav dreg vekslar på det store Vestlandsprosjektet som skal skaffe betre kunnskap om arbeidsinnvandringa på Vestlandet, og gje betre grunnlag for å setje inn målretta tiltak. Nav leiar arbeidet. Problemstillingar kring tilrettelegging for arbeidsinnvandrar er ikkje fullt så sentrale som tidlegare. Men vi tek sikte på få i gong eit arbeid der vi betrar dei offentlege nettsidene, nettopp for å sikre betre informasjon til arbeidsinnvandrarane og for den del andre framandspråklege.

- Hjelp lokale leverandørar til å verte meir konkurransedyktige

Offentleg sektor er ein stor innkjøpar, og vi ser gjerne at lokale leverandørar når fram i tilbodskonkurransen. Vi ønskjer følgjeleg å legge til rette for at lokalt næringsliv skal kunne konkurrere om leveransar til det offentlege, og gjerne stimulere til leverandørsamarbeid. Det er NHO som er den leiande partnaren i dette arbeidet gjennom "Nasjonalt program for leverandørutvikling", og det er utvikla ein arbeidsmetode som m.a. inneber at leverandørar vert inviterte til dialog med offentlege innkjøparar tidleg i innkjøpsprosessen. Gjennom denne arbeidsmåten legg ein opp til at ein offentlig innkjøpar ikkje kjem med ei spesifikk bestilling, men heller med kva oppgåve som skal løysast. Det vil opne for nye og innovative løysingar som lokale bedrifter vil kunne konkurrere om å levere.

Verkemiddel innan næringsutvikling

- Styrke tilgangen på risikoviljug eigenkapital

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, Sparebanken Sogn og Fjordane og fylkeskommunen har etablert eit presåkornfond som kan gå inn i bedrifter i ei tidleg fase. Fylkeskommunen har til no gått inn med til saman 3 mill. kr til dette fondet. Fylkeskommunen har også gått inn med nye 5 mill. kr. i Fjord Invest Såkorn, som investerer i både såkorn- og vekstbedrifter. I det vidare arbeidet vil ein no prøve å bearbeide kapitaleigarar til å satse på næringsutvikling i fylket, og arbeider med å finne ei form på denne innsatsen.

- Bransjeuavhengige møteplassar – nettverk og møteplassar for bedriftene

Det vert gjennomført samlingar kring tema som teknologiskifte og grønt skifte. Dette som eit samarbeid mellom Innovasjon Norge, Nav, Sparebanken Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane næringsråd og fylkeskommunen. Aktiviteten er først og fremst retta mot mindre bedrifter i utkantane av fylket, som ikkje har kapasitet til å delta på dei større og meir innarbeidde møteplassane. Samlingane skal byggje kompetanse og bidra til samarbeid bedriftene i mellom.

- Stimulere til fleire robuste næringsmiljø og legge til rette for bransjeretta møteplassar for innovasjon og verdiskaping

Saman med partnerane vil fylkeskommunen samle bedrifter kring problemstillingar som t.d. lukka oppdrettsanlegg og sirkulærøkonomi innan nye materiale. Møteplassane skal leggje til rette for

samarbeid mellom bedrifter med mål om å skape attraktive arbeidsplassar, utvikle ny teknologi og løyse samfunnsutfordringar.

Entreprenørskap

- Etableraropplæring for folk som ønskjer å starte si eiga bedrift

Frå 2016 gjorde vi etableraropplæringa todelt; grunnleggjande etablerarkurs og temakurs. At sentrale tema er skilt ut i eige kurs gjer det nye etablerarkurset mindre omfattande og konsentrert om grunnleggjande oppstartsmetodikk (Smidig oppstart/Lean Startup), medan temakursa også rettar seg mot etablerte småbedrifter. Etablerarkurs går over tre samlingar, medan temakurs er enkeltvise kveldskurs. Når det gjeld temakurs ønskjer vi å sette opp kurs næringslivet har behov for, og gjorde ei marknadsundersøking for å finne svar.

I 2018 vert det tilbydd grunnleggande etablerarkurs i Sunnfjord, Nordfjord og Sogn. Tre temakurs vert tilbydd dei same stadene, i økonomi og rekneskap, bruk av sosiale media til marknadsføring og korleis starte nettbutikk.

- Entreprenørskap i skuleverket

Fylkeskommunen og partnerane er opptekne av at born og unge skal få god entreprenørskapsopplæring i barnehage, skulen og i den høgare utdanninga. Det er Ungt Entreprenørskap som er ansvarleg for det operative arbeidet, på grunnlag av ei avtale som gjeld ut 2018. Ungt Entreprenørskap vektlegg det grønne skiftet i sine aktivitetar.

4.4 Oppsummering og finansiering

Finansiering

Finansiering av aktivitetane i årsplanen kjem frå midlar avsett til plantema nyskaping i budsjettet for 2018. For 2018 er det avsett 5,8 mill kroner, der ein betydeleg del av dette kan nyttast til dei aktivitetane som er nemnde i denne årsplanen.

Oppsummering over aktiviteter i årsplan for nyskaping 2018

ÅRSPLAN FOR NYSKAPING 2018	
Næringsapparatet/kommuneretta innsats	Andre tiltak
<p>Kompetanseheving gjennom kurs og samlingar, m.a.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Teknologiskifte, m.a. digitalisering og robotisering • Det grønne skiftet og dei mulighetane som ligg i å utvikle betre miljøløysingar • Samordning av næringsapparatet, også fram mot år 2020 • God forvaltning av kommunale næringsfond • Innkjøpsreglement og reglement for offentleg støtte 	<p>Offentlege tenester</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hjelp kommunar og dei andre offentlege aktørane til å ha oppdaterte planverk - pågåande arbeid i regi av fylkeskommunen sin planfunksjon • Gjennomgangsbustadar <ul style="list-style-type: none"> ◦ Vurdere nytt forsøk på samling saman med Nav, Distriktssenteret og Husbanken • Arbeidsinnvandring og integrering <ul style="list-style-type: none"> ◦ Dreg veksle på Vestlandsprosjektet om arbeidsinnvandring ◦ Betre dei offentlege nettsidene • Hjelp lokale leverandørar til å verte meir konkurransedyktige. Samarbeid med NHO
<p>Informasjon, informasjonsutveksling og nettsida Driftig.no</p> <ul style="list-style-type: none"> • Studietur for næringsmedarbeidarar til Bergen vår 2018 • Samling for næringsmedarbeidarar haust 2018 • Møte med nye næringsmedarbeidarar • Vidareutvikle Driftig.no og styrke marknadsføringa av nettstaden 	<p>Virkemiddel innan næringsutvikling</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styrke tilgangen på risikoviljug eigenkapital <ul style="list-style-type: none"> - Bearbeide kapitaleigarar til å satse på næringsutvikling i fylket - Vurdere ytterlegare innsats gjennom dei fonda der fylkeskommunen er deleigar • Stimulere til vekst i småbedrifter gjennom tilrettelagd innsats innan innovasjon og FoU • Stimulere til fleire robuste næringsmiljø • Gjennomføre bransjeuavhengige møteplassar for bedrifter, med sentrale tema som m.a. teknologisk skifte og grønt skifte • Gjennomføre bransjeretta møteplassar for bedrifter der vi samlar bedrifter kring tema som m.a. lukka oppdrettsanlegg, sirkulærøkonomi og komposittmateriale
<p>Føringar i verdiskapingsplanen:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Eit næringsapparat som arbeider meir utadretta og oppsøkande 2. Styrke næringsapparatet sin kompetanse 3. Forenkle næringsapparatet og legge til rette for felles næringssselskap – og formidle eit meir oversiktleg næringsapparat 4. Styrke koordineringa mellom dei ulike næringsaktørane 5. Utvikle regional beredskap for utvikling av nye næringar 	<p>Entreprenørskap i skuleverket</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styrka innsats for å få til fleire studentbedrifter <p>Etableraropplæring</p> <ul style="list-style-type: none"> • Grunnleggande etablerarkurs i fire regionar • Temakurs i fire regionar, derav nye kurs (m.a. sosiale media og netthandel)

3 Kunnskap

Strategi – satsinga kunnskap:

<http://verdiskapingsplanen.no/8-satsing-pa-kunnskap/>

Den 4-årige handlingsplanen – satsinga kunnskap:

<http://verdiskapingsplanen.no/handlingsplan/5-kunnskap/>

3.1 Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga

Regionale kompetansestrategiar vert integrerte i verdiskapingsplanen gjennom statusvurdering og rullering av verdiskapingsplanen (Fylkestingsak planlagt i juni 2018).

3.2 Prioritert aktivitet for å nå målet

FoU

For å nå målet om kvalitet, tilgjenge og relevans er desse aktivitetane prioritert i 2016:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune har avtalt eit samarbeid med Noregs Forskningsråd om FoU-mobilisering; kortnamn «VRI 4». Målet er å få etablert forskingsprosjekt finansiert gjennom forskingsfondet for Vestlandet, nasjonalt (Noregs Forskningsråd) eller internasjonalt (Horisont 2020)
- Teknologft Sogn og Fjordane vert sett i gang for fullt i 2018 og varer 6 år framover. Hovudmålet er å bygge eit sterkt forskning- og utdanningsmiljø på tvers av HVL og Vestlandsforskning. Prosjektet skal levere næringsrelevant kompetanse, kapasitet og kandidatar innan automatisering, robotisering, digitalisering og «Big Data». Målet er vidare å bidra til å auke næringslivet sin bruk av forskning til utvikling og innovasjon gjennom minst å doble den årlege løyvinga frå NFR og EU til næringsretta forskning i fylket.
- Vi nådde ikkje opp med våre søknader i SIVA sitt nye «Katapult-program». Fylkeskommunen arbeider vidare med test- og demonstrasjonsfasilitetar i samband med utvikling av Campus Førde (Teknologicampus)

Ansvar: Fylkeskommunen v/ Nærings- og kulturavdelinga

Arbeidskraftbehov og utdanningsstrategiar

Fylkesutvalet handsama eit notat om kompetansestrategiar 22. november 2017. I notatet vart vidare arbeid med oppfølginga av temaet arbeidskraftbehov og utdanningsstrategiar tenkt slik (*forkorta*):

- Arbeidskraftbehov

Basert på NAV sin analyse og vurdering medfører manglande kapasitet og kompetanse i arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane ei utfordring – både på kort og lang sikt. Utfordringane set krav til utvikling av strategiar og tiltak for å utvikle arbeidsstyrken, og set auka krav til samhandling og mobilisering.

- Utdanning

Følgjande mål står sentralt i det vidare arbeidet:

1. Legge til rette for heile og attraktive utdanningsløp som gjer at kompetansen og arbeidskrafta i større grad blir i Sogn og Fjordane.
2. Styrke rekrutteringa til real - og yrkesfagutdanningar.

a) Høgskuleutdanning

Utvikling av Campus Sogndal og Campus Førde (HVL si namngjeving) er avgjerande for å utvikle arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane .

b) Fagskuleutdanning

Storting et har vedteke at fagskulen får status som høgare yrkesfagleg utdanning (høgskulestatus). Vedtaket gir eit grunnlag for vidareutvikling av kvalitet i fagskuleutdanninga, og vil styrke samanhengen i utdanningsløpa. Fagskulen i Sogn og Fjordane sin utviklingsstrategi vil bidra til å styrke skulen si regionale rolle.

c) Fag - og yrkesopplæring

Utvikling av eit breitt kunnskapsgrunnlag er viktig for å auke gjennomføringsgraden i fag - og yrkesopplæringa.

d) Etter - og vidareutdanning

Ei meir systematisk satsing på etter - og vidareutdanning bør også sjåast i samanheng med fagskulen sitt prosjekt for utvikling av eit næringsretta kurs - og kompetansesenter. Fagskulen i Sogn og Fjordane bør ta ei leiande rolle i den regionale partnerskapen for utvikling av næringsretta strategiar for etter - og vidareutdanning.

e) Vaksne – vidaregåande opplæring

Utviklingspotensialet innan vidaregåande opplæring for vaksne og vurdering av konsekvensar ved ei auka satsing innan dette området treng utgreiast. Fylkeskommunen tek initiativ til etablering av eit forprosjekt saman med aktuelle regionale aktørar.

f) Teknologifaget i grunnopplæringa

Ei sterkare regional satsing på teknologifaget i grunntdanningane er viktig for å styrke rekruttering til real - og yrkesfaga. Fylkeskommunen tek initiativ til etablering av eit forprosjekt saman med KS, gjennom samarbeidsforum for kvalitet i grunnopplæringa.

Ansvar:

NAV og fylkeskommunen v/ Opplæringsavdelinga

Tenesteytande næringar

Målet er både at næringslivet får tilgang til kunnskapstenester og at det vert utvikla attraktive arbeidsplassar for ungdom.

Ansvar lagt til Innovasjon Norge:

- Mobilisering mot gründerar, vekstbedrifter og innovasjonsmiljø, eks;
 - Ide til marknad arrangement for nyetablerarar
 - Aktivitatar knytt til internasjonalisering og eksport
- Bruk av IN-verkemiddel for å utløyse nyetableringar og vekst i eksisterande næringsliv der dette løyser ut nyskaping & vekstpotensiale.

Ansvar lagt til SIVA:

- Inkubatorane og næringsshagane gir tilbod til bedrifter med stort vekstpotensiale. Kunnskapsintensiv forretningsmessig tenesteyting har ein stor plass. Kunnskapsintensive arbeidsplassar vert også utvikla innan andre bransjar. Tilboda er derfor utvikla utan skarpe bransjeskilje

- Arbeidet med å utvikle tettare samarbeid mellom inkubatorane og næringshagane held fram og finn sannsynlegvis si form i 2018.

Ansvar lagt til fylkeskommunen:

- Fylkeskommunen trekker med næringshagane og inkubatorane i «Interreg-prosjektet» P-IRIS. Målet er å styrke evna til å etablere, utvikle og omstille innovasjonsnettverk der kunnskapsintensive og kreative næringar er målgruppe.

Rekruttering

Framtidsfylket held fram arbeidet for å marknadsføre fylket som eit attraktivt fylke å bu og jobbe i. Dei 3 hovudpilarane i arbeidet er:

- Portalen framtidsfylket.no
- Framtidsfylket Karrieremesser, Oslo-Bergen-Trondheim
- Framtidsfylket Trainee.

3.3 Verkemiddeloversikt

Verkemiddel i 2018:

Aktivitet	Spleiselaget er:	Merknad / Andre viktige verkemiddel:
Tema: Tenesteytande næringar		
Næringshageprogrammet	SIVA: kr 4.650.000 Målbedriftene: 25%	Fylkeskommunen del-finansierer ikkje i 2018
Inkubatorprogrammet	SIVA: Kr 3.500.000 SFFK: Ikkje avklara	SIVA: 2017-tal SFFK: 2,65 mill (2017)
Tema: FoU		
VRI 4 2017-2019, FoU Mobilisering	Forskningsråd:2.550.000 SFFK: Ikkje avklara	Organisasjonsutvikling – utvikle effektive arbeidsmetodar
Teknoløft – del av satsing i forskningsrådet på «Kapasitetsløft»	Samla over 6 år: Forskningsråd: ca 28 mill SFFK: 6 mill Sparebank: 2 mill	6 år frå 2017: Totalkalkyle kr 45.587.000
Infrastruktur for testing og demonstrasjon («teknologicampus»)		Finansiert for 2017 – 2018 med 0, 8 mill. Gjeld også utvikling av kurspakkar
Regionalt forskingsfond-Vest	RFF-Vest 36.820.000	Fordelt på 3 fylke
Interreg Europe; P-IRIS	Interreg Europe 50% Lokal finansiering inkl. arbeidsinnsats	Finansiert
Budsjettert til ikkje kalkulert aktivitet (inkl. del av VRI 4)	SFFK:2.593.000	
Tema: Arbeidskraftbehov og utdanning		
Oppfølging av regionale kompetansestrategiar - Arbeidskraftbehov og utdanningsstrategiar	Operasjonalisering pågår	Det er ikkje budsjettert nye midlar til innsatsen

4 Reiseliv

Strategi – satsinga reiseliv:

<http://verdiskapingsplanen.no/11-satsing-pa-reiseliv/>

Den 4-årige handlingsplanen – satsinga reiseliv:

<http://verdiskapingsplanen.no/handlingsplan/8-reiseliv/>

4.1 Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga

Vi varslar at i saka om rullering av verdiskapingsplanen i juni 2018 gjer vi framlegg om at berekraftprogrammet vert integrert i det øvrige reiselivsarbeidet. Partnerskapen vurderer dette som ei naturleg utvikling. Miljøaspektet skal ikkje vere ein aktivitet på sida av det andre arbeidet.

Fylkesmannen, Landbruksavdelinga (FMLA) har hatt ansvar for berekraftprogrammet. Saman med fylkeskommunen vil FMLA arbeide for å gjennomføre denne endringa slik at den vert stadfesta i rullert verdiskapingsplan i juni 2018.

FMLA signaliserer vidare eit ønskje om å utvikle eit tettare samarbeid om mat og reiseliv saman med fylkeskommunen og Innovasjon Norge.

4.2 Prioritert aktivitet for å nå målet

Ansvarsfordeling

- Overordna ansvar: Fylkeskommunen, nærings og kulturavdelinga
- Det bedriftsretta reiselivsarbeidet vert leia av Innovasjon Norge
- Infrastrukturprogrammet vert leia av fylkeskommunen, nærings- og kulturavdelinga

Reiselivsplanen definerer strategiske handlingsområde som er prioriterte tema for programstyra og som tiltaka vert utleidde frå. Dei ulike programgruppene har sine meir detaljerte planar for korleis dei ulike tiltaka nedanfor skal følgjast opp i praksis.

Samhandling

Ansvar: Fylkeskommunen

- Kalle saman leiarane for kvart programstyre tre-fire gonger i året for å koordinere reiselivsarbeidet, gjere langsiktige prioriteringar, sikre god informasjonsflyt og dele ny kunnskap
- Følgje opp vestlandsstrategien for reiseliv
- Følgje opp nasjonal reiselivsstrategi «Destinasjon Norge» (2012)
- Følgje opp ny stortingsmelding for reiseliv
- Følgje opp Regional cruisestrategi og lage tiltaksplan
- Følgje opp ny avtale med NCE Tourism Fjord Norway
- Følgje opp avtale med Fjord Norge

Ansvar: Infrastrukturprogrammet

- Arrangere kurs for bedrifter og organisasjonar som er i målgruppa for infrastrukturmidlar og spelemidlar
- Betre samarbeidet mellom lokale reiselivsbedrifter og matprodusentar
- Følgje opp rapporten frå forskingsprosjektet «Samspel for berekraftig reiseliv»

Ansvar: Innovasjon Norge

- Følgje opp og styrke eksisterande bedriftsnettverk i hovudprosjektfase frå lokalt IN og kople til prioriterte satsingar i NCE Tourism
- Samling for nettverksbedrifter med aktuelle tema saman med IN i Bergen: satsingar og nytt frå NCE Tourism, ta tak i utfordringar frå evalueringa frå tidlegare gjennomført workshop med internasjonale turoperatørar i . Drøfte mulegheiter på tvers av fylka. Aktuelt å gjennomføre i samband med anna seminar i regi av NCE Tourism
- Eventuelt gjennomføre dagssamling med nettverka i Sogn og Fjordane
- Gjennomføring av nye kurs for reiselivet i IN si kursportefølgje for reiselivet; Opplevingskurset og Bygg bedrift for reiseliv
- Gjere tilskotsordning for berekraftig reisemålsutvikling meir kjend gjennom kurs og samlingar
- Følgje opp destinasjonar som er i gang med sertifisering som bærekraftig reisemål

Produktutvikling

Ansvar: Infrastrukturprogrammet og Innovasjon Norge

- Utvikle og styrke produkt i tråd med NCE Tourism sine tematiske satsingar
- Utvikle og styrke produkt med andre strategiske føringar for produktutvikling i Sogn og Fjordane, til dømes gjennom bedriftsnettverka til Innovasjon Norge
- Innovasjon Norge sin policy for finansiering reiseliv 2018 ligg til grunn for prioriteringar

Ansvar: Infrastrukturprogrammet

- Prioritering av eksisterande og potensielle fyrtårn (verdt ei reise) hjå alle destinasjonane
- Etablere minst ei rundreise i Sogn og Fjordane med fokus på å kople saman fyrtårn og etablere eit heilskapleg kommersielt produkt
- Følgje opp arbeidet med strategiar og kriterier for god vandresatsing jamfør også rapport for «Samspel om berekraftig reiseliv»

Infrastruktur og fellestiltak

Ansvar: Infrastrukturprogrammet

- Lyse ut midlar til infrastrukturprosjekt
- Følgje opp nasjonal standard for merking og gradering av turstiar
- Inngå samarbeid med samferdsle for å identifisere kjerneruter for reiselivet i fylket
- Arbeide for tettare samarbeid med samferdsle for å få transport knytt til reiseliv inn i arbeid med ruter og anbod
- Arbeide for å betre digital infrastruktur – dekning (vere på nett) i dei viktigaste turistområde, booking
- Arbeidet for betre organisering og samarbeid knytt til fellesgodetiltak
- Arbeide for etablering av interkommunale friluftsråd

Ansvar: Fylkeskommunen

- Leie forum for fysisk aktivitet, og bruke forumet som ressurs for arbeid med å styrkje infrastruktur

Marknadskommunikasjon

Ansvar: Infrastrukturprogrammet

- Internasjonal marknadføring gjennom satsing på Fjord Norge, sterke destinasjonsselskap og aktive næringsbedrifter
- Styrkje samarbeid mellom destinasjonsselskapa om marknadføring mot den norske og den internasjonale marknaden, og for å auke skulder- og vintersesongen
- Bruke berekraft i marknadskommunikasjonen både nasjonalt og internasjonalt

Ansvar: Innovasjon Norge

- Vurdere bruken av Facebook-sida «Frå bre til hav» til gje ut nyhende

Kunnskap og kompetanse

Ansvar: Innovasjon Norge (og fylkeskommunen)

- Følgje opp «Forskningsprogram for reiseliv», deltaking i styringsgruppe og midlar
- Følgje opp etablering av betre statistikk om utviklinga i reiselivsnæringa
- Synleggjere eksisterande, og eventuelt bidra til å utvikle nye, opplæringsprogram ut i frå behov i reiselivsnæringa

Ansvar: Innovasjon Norge

- Tilby og delfinansiere kurs gjennom kompetanseprogram for reiselivsnæringa
- Gjennomføre 2- samling av «Bygg bedrift for kulturæringane» for å auke verdiskaping i kulturbaserte verksemder

4.3 Ressursar til arbeidet i 2018

Det vert samla sett av 6,560 mill. kr til reiseliv i 2018, fordelt slik:

- 3,160 mill. kr til Fjord Norge
- 0,300 mill. kr til NCE Tourism Fjord Norway
- 2,200 mill. kr til avtalar med destinasjonsselskapa
- 0,900 mill. kr til vandresatsinga og styrking av sektoren (infrastrukturmidlar)

I tillegg er det bedriftsutviklingsmidlar via Innovasjon Norge og finansiering gjennom bygdeutviklingsmidlar og regionalt forskingsfond, for å nemne nokre viktige kjelder

5 Olje og gass

Strategi – satsinga olje og gass:

<http://verdskapingsplanen.no/12-olje-og-gass/>

Den 4-årige handlingsplanen – olje og gass:

<http://verdskapingsplanen.no/handlingsplan/6-olje-og-gass/>

Petroleumsrådet har koordinerende ansvar for innsatsen innan olje og gass i verdiskapingsplanen.

5.1 Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga

Lågare oljeprisar og auka kostnadsfokus, har medført ein trongare marknad dei seinare åra. Som ein konsekvens av dette har innsatsen til Maritim Forening Sogn og Fjordane (MFSF) blitt utvida til i større grad å omfatte maritime/havbaserte næringar generelt. Satsinga på olje og gass i utviklingsprogrammet Supply Chain Network Sogn og Fjordane held likevel fram som planlagt.

5.2 Prioritert aktivitet for å nå målet

Den petroleumsretta innsatsen er delt i to.

- Petroleumsrådet har ansvar for politisk påverknad og som hovudkontaktpunkt i fylket overfor myndigheitsorgan, operatørselskap, osb.
- Maritim Forening Sogn og Fjordane har på si side ansvar for å engasjere og utvikle leverandørindustrien i fylket.

Petroleumsrådet – viktige innsatsområde 2018

- Tett oppfølging av operatørselskap, politiske miljø og andre sentrale interessentar
 - Snorre Expansion Project (SEP) er ei stor subseautbygging på Snorre-feltet. Utbygginga verkar også inn på eksisterande installasjonar. Plan for utbygging og drift (PUD) vart levert seint desember 2017. Hovudkontraktar er tildelt og posisjonering i høve underleversansar og lokalt innhald vil ha høg prioritet.
 - Følgje opp Statoil sine positive utsegner om utvikling av logistikkcenter for røyr og røyrbasen generelt.
 - Helikopterkapasiteten i Florø vart halvert frå april 2017. Også på fartøysida samarbeider operatørselskapa no meir. Dette medfører mindre ledig kapasitet. Det vert viktig å følgje opp, slik at tilstrekkeleg kapasitet til å forsyne både faste og mellombelse installasjonar vert sikra.
 - Aktiv oppfølging av andre feltoperatørarar og lisenshavarar utanfor kysten av fylket. Dette gjeld for felt i drift (som Neptune (har kjøpt Engie)/Gjøa og Shell/Knarr) så vel som funn/felt under planlegging (som til dømes Wintershall/Nova (før Skarfjell), Statoil (overtar lisensdel og operatøransvar frå Total)/Garantiana og Suncor/Beta). PUD for Novautbygginga blir levert første halvår, og det vert viktig å følgje denne nøye opp.
- Kommunikasjon og innhenting av informasjon i fylket
 - Systematisk oppfølging og dialog med MFSF og det lokale GCE-kontoret.
 - Halde god dialog med Fjord base og bedriftene som er lokalisert der.
 - Besøke Lutelandet (var i Sløvåg og i Skipavika i 2017)

Maritim foreining (MFSF) – handlingsplan 2018

Innsatsen til MFSF er organisert i utviklingsprogrammet Supply Chain Network Sogn og Fjordane. Handlingsplan for 2018 omfattar følgjande tiltak.

Synleggjering/kommunikasjon: MFSF vil synleggjere dei regionale leverandørane overfor kvarandre og overfor eksterne leverandørar. Dette gjer dei blant anna ved å presentere Sogn og Fjordane på leverandørdagar hos større verksemder, presentere verksemder på Framtidsfylket sine messer, delta på messer med relevante tema og halde kurs i presentasjonsteknikk.

Kvalifisering og kompetanseutvikling: Utvikle og kvalifisere deltakande verksemder gjennom kompetansebygging, nyskaping og innovasjon slik at dei får auka konkurransekraft.

Marknadskunnskap: MFSF vil vedlikehalde sin kunnskap om verksemdene som omset innan havbaserte næringar, samt informasjon om etterspurnaden etter varer og tenester i marknaden.

Prosjektretta næringsklynger: I MFSF sin nye strategi er det lagt vekt på å realisere «crossover» mellom havbaserte leverandørar. Samla og individuell produktivitet kan aukast ved at bedrifter i klynga bidrar til kostnadsreduksjonar eller gjennomfører investeringar som kjem moglege kundar og andre i næringsklynga til gode.

5.3 Ressursar til arbeidet i 2018

MFSF har fått ei løyving på 400 000 kr i restmidlar frå INU-fondet til aktiviteten i 2018. INU-midlane no avvikla som ordning, og det må difor arbeidast med vidare driftsgrunnlag.

Både fornybar energi og olje/gass er satsingar i verdiskapingsplanen. Mykje av satsinga er bedriftsretta og vert difor dekkja av Innovasjon Norge sine verkemiddel.

Fylkeskommunen har hovudansvar for koordinering gjennom petroleumsrådet, og ansvar for politisk påverknadsarbeid.

Det vert sett av 400 000 kr til energi (olje, gass og fornybar energi) i 2018.

6 Fornybar energi

Strategi – satsinga fornybar energi:

<http://verdskapingsplanen.no/9-satsing-pa-fornybar-energi/>

Det er ikkje formulert ein 4-årig handlingsplan innan fornybar energi.

6.1 Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga

Fornybar energi er ei av satsingane i verdiskapingsplanen. I handlingsplan for 2018 – 2021 vert det føreslege å ta ned ambisjonane om til dømes leverandørutviklingsprogram, være mindre (einsidig) produksjonsorienterte, leggje til grunn eit dynamisk målbilete og å konsentrere seg om konkrete aktivitetar.

Både fylkeskommunen og næringsforum har vurdert det som viktig at næringsaktørar er aktive deltakarar. Det har vist seg utfordrande å etablere ein fornybar energi partnerskap. Viktige initiativ

som til dømes etablering av Forum for grøn energi¹ (FGE) vart etablert i 2016. FGE vil i hovudsak ta ansvar for møteplassar. Maritim forening Sogn og Fjordane (MFSF) er eit godt innarbeidd leverandørnettverk, som vert relevant for fornybarområdet gjennom engasjement i høve hydrogenverdikjedar og havenergi.

6.2 Prioritert aktivitet for å nå målet

Målsettingane i verdiskapingsplanen er formulerte på eit relativt overordna nivå. Med eit område prega av store endringar, og der sentrale aktørar som FGE og MFSF er i ferd med å (dels vidare-) utvikle si eiga rolle, så kan mål og strategiar med fordel være dynamiske. I 2018 vil FGE primært satse på møteplassar. Sesjonar under Næringsdagane og under Kraft i Vest er særleg aktuelle arrangement der FGE har fått ei rolle. I tillegg vil det være aktuelt med temaavgrensa seminar og ad hoc-møteplassar som frukostmøte hjå sentrale aktørar. Ut frå produksjonspotensial og betre linjekapasitet, er lokale leveransar til utbygging, drift og vedlikehald aktuelle ambisjonar. Møteplassar med informasjon om aktuelle prosjekt er relevante tiltak. FGE vert sentral aktør.

Vi viser elles til klimaplanen som framleis er under arbeid. Klimautfordringane gir rom for innovasjon og nyskaping for å redusere CO2 utslepp / arbeide med energiøkonomisering. Med utgangspunkt i vedteken ny klimaplan og rullert verdiskapingsplan, vil vi andre halvår 2018 kunne forsterke dette arbeidet. Arbeid er allereie i gang som del av VRI-programmet². Det er også påbegynt ein søknad³ om midlar gjennom EU sitt forskings- og innovasjonsprogram med føremål verktøy for klimavenleg rehabilitering.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sette i 2016 i gang prosjektet «Hydrogenregion Sogn og Fjordane» for å utvikle lokale, hydrogenbaserte verdikjeder. Prosjektet er no i sluttfasen. Det overordna målet har vore å etablere fylket som ein leiande region (laboratorium) i å utvikle teknologi og ta i bruk hydrogen som energiberar i lokale verdikjeder. Maritim transport, industri og havbruk er blant dei næringane der det er identifisert moglege utviklingsløp. Prosessane så langt har synt stor motivasjon både innan næringsliv og kommunal sektor. Fleire av bedriftene har gått saman for å danne ei næringsklynge knytt til hydrogenverdikjedar og vil søkje Innovasjon Noreg om Arena-status. Denne prosessen vert koordinert av Maritim Forening Sogn og Fjordane. Å få søknaden godkjent vil være viktig med omsyn til involvering av næringslivet.

6.3 Ressursar til arbeidet i 2018

I 2018 vil det vere fylkeskommunale midlar som finansierer arbeidet (Kr 400.000 er sett av til energi; inkl. olje og gass).

¹ FGE er ein frittstående og sjølvstendig medlemsbasert interesseorganisasjon. Forumet er ei omdanning av det tidlegare Vindkraftforum. Endringa inneber eit breiare perspektiv enn berre vindkraft.

² <http://www.sjf.no/vri4-sogn-og-fjordane.5963606.html>

³ <http://errinh2020pdw.eu/node/2345>

7 Landbruk

Overordna strategi – satsinga Landbruk:

<http://verdiskapingsplanen.no/13-landbruk-verdiskapingsplanen/>

Det er ikkje formulert eit eige avsnitt om landbruk i den 4-årige handlingsplanen. Formulert strategi kom først på plass i 2016 og vart vurdert som dekkande.

I samband med regionreforma vil det bli utarbeidd felles Regionalt bygdeutviklingsprogram for Hordaland og Sogn og Fjordane som skal gjelde frå 2019.

7.1 Endingar som gjeld grunnlaget for satsinga

Satsinga held fram i tråd med planen og vert samordna med Regionalt Bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane.

7.2 Prioritert aktivitet for å nå mål

A. Verdiskaping ved produksjon og foredling

Omstilling og utvikling i primærproduksjonen

- Mjølke og storfekjøtt: omstilling til lausdrift og fleire ammekyr
- Grovfôr: auke produksjonen av lokalt fôr
- Regional merkevare: avklare vidare arbeid med lam frå Sogn

Verdikjeder med marknadspotensiale

- Skogbruk: utarbeide områdeplanar for skogsveg
- Hagebruk: mobilisering for auka fruktdyrking. Bruke nyleg utarbeidd kart over lokalt dyrkingsklima som viser kva areal som er eigna for ulike fruktslag og sortar
- Mat og reiseliv: fleire reiselivsbedrifter som profilerer seg på lokal mat

Landbruksbasert tenesteproduksjon

- Inn på tunet: slutføre prosjekt i samarbeid mellom FM og IN

B. Sysselsetting og busetnad

Rekruttering til landbruket

- Vaksenagronomen: Vidareutvikle tilbodet som no er vorte ei nasjonale ordning

Heilårs sysselsetting – frå sesongarbeidar til innbyggjar

- Avklare med FM, FK og NAV om dette skal arbeidast med

Eigedomsoverdraging og fritidsbustader

- Avklare med FM og FK om dette skal arbeidast med

C. Forsking, utvikling og innovasjon

Samordna FoU-innsats

- Følgje opp prosjektet Grøn FoU Vest
- Samordne FoU-arbeidet gjennom programstyra
- Etablere programstyret for skog og tømmer

Kompetanse og rådgjeving

- Rådgjeving til primærprodusentar: Gjennomføre prosjekta «Intensiv grovførrådgiving» og «Klimasmart landbruk på gardsnivå» som førebur ei meir spissa rådgjeving på dyrking av grovfôr
- Fylkesdekkande møteplassar: støtte opp om fagsamlingar
- Lokale og regionale FoU-miljø: Utfordre fagmiljø på konkrete problemstillingar som treng FoU

D. Nasjonale rammevilkår

Nasjonale styresmakter og nasjonale politikk

- Jordbruksforhandlingane: gjennomføre møte med fagлага før FK gjev innspel
- Rovvilt: vidareføre uttak av jerv før kvar beitesesong

Regionale bruk av nasjonale støtteordningar

- Landbruksretta investeringsmidlar gjennom IN: dialog med partnerskapen om utmålingsreglar og konkretisering av dette gjennom Handlingsplanen for 2018.
- Førebu harmonisering med Hordaland frå 2019.

7.3 Ressursar til arbeidet i 2018

	Arbeidsinnsats	Tiltaksmidlar
Fylkeskommunen	0,1 årsverk	1 mill
Fylkesmannen	3,5 årsverk	3,8 mill
Innovasjon Norge	2 årsverk	45 mill
Andre (NAV, fagлага, Sparebankstiftinga)	0,1 årsverk	0,2 mill

8 Sjømatnæringane

Overordna strategi – satsinga Sjømatnæringane:

<http://verdskapingsplanen.no/10-satsing-pa-sjomatnaeringar/>

Den 4-årige handlingsplanen – satsinga Sjømatnæringane:

<http://verdskapingsplanen.no/handlingsplan/7-sjomatnaeringane/>

8.1 Prioritert aktivitet for å nå målet

Delmål 1: Styrke tilgang til kompetanse og arbeidskraft i sjømatnæringa

Det lagt opp til vidareføring av to delprogram i 2018-2021:

- | | |
|----------------|--|
| Delprogram 1.1 | Utvikle ei attraktiv fagutdanning på vidaregåande skule retta inn mot verdikjedene i sjømatnæringane |
| Delprogram 1.2 | Jobbe for å utvikle eit marint kompetansesenter kring Måløy vgs, Fagskulen og Sikkerheitssenteret. |

Handlingsplan 2018 for Delprogram 1.1

Mål 1: Tiltrekke fleire søkjarar til marin opplæring

- Tiltak 1.1 Kartlegge tiltak som kan bidra til å utvikle eit attraktivt opplæringstilbod for Akvakultur, Naturbruk og Fiske og fangst.
- Tiltak 1.2 Få fram arealbehov og andre spesifikasjonar for tilbygg for opplæring i Akvakultur

Mål 2: Vidareutvikle eit attraktivt opplæringstilbod for Akvakultur

- Tiltak 2.1 Opprette 4-årig engasjementstilling med hovudansvar for å utvikle eit attraktivt opplæringstilbod i akvakultur ved Måløy vgs.

Mål 3: Vurdere delfinansiering av Opplæringsfartøy AS som støtter opp under opplæring i naturbruk og akvakultur

- Tiltak 3.1 Når forprosjektet «Prosjektering av nytt opplæringsfartøy» er slutført i 2018, må det utarbeidast ein finansieringsplan som synleggjer finansiell deltaking frå fiskerinæringa, Sogn og Fjordane fylkeskommune og andre samarbeidspartnarar. Det må i samband dette utarbeidast eit notat der ein ser kva element i fartøyet som kan finansierast gjennom MAREKO.

Mål 4: Vurdere tiltak for å senke økonomisk terskel for ungdom til å komme seg inn i fiskerinæringa.

- Tiltak 4.1: Undersøkje moglegheit for å gjere det lettare å rekruttere ungdom til fiskeria gjennom å lette tilgangen til rekrutteringskvoter.

Handlingsplan 2018 for Delprogram 1.2

Mål 5: Utvikle sikkerheitssenteret til eit attraktivt kompetansesenter for maritime næringar

- Tiltak 5.1 Sjekke ut og kartlegge idear om tiltak som kan bidra til å utvikle eit meir attraktivt kurstilbod for Akvakultur og Fiske og fangst på sikkerheitssenteret.
- Tiltak 5.2 Planlegge og prosjektere ein akvakultur simulator ved sikkerheitssenteret.

Mål 6: Sjå på muligheiter for å knytte Fagskulen/ Høgskulen på Vestlandet til vidareutdanning innan akvakultur

- Tiltak 6.1 Opprette 4-årig engasjementstilling med delansvar for å sjå på muligheit til å utvikle eit bachelor studium på Høgskulen på Vestlandet avd Florø/ Fagskulen Måløy.

Delmål 2 Legge til rette areal for vidare vekst i sjømatnæringa

For å gjennomføre dette, er det lagt opp til vidareføring av to delprogram i 2018-2021:

- Delprogram 2.1 Programmet skal bidra til å optimalisere informasjon og opparbeide ny kunnskap som kan bidra til betre planlegging av areal i sjø og kystsona.
- Delprogram 2.2 Bidra til større grad av interkommunal planlegging i sjø

Handlingsplan 2018 for Delprogram 2.1 og 2.2

Mål 7: Utvikle Fylkesatlas og Fylkesspegelen som kunnskap- og informasjonsbase for planlegging i sjø.

Tiltak 7.1 Gjennomføre Multikriterieanalyse-prosjekt for heile fylket. Basert på temakart, og vekting av desse. Vidare konfliktanalyser og eignaheitsanalyser for å finne eigna areal for akvakultur.

Tiltak 7.2 Bidra til ny kunnskap

Mål 8: Bidra til større grad av interkommunal planlegging i sjø

Tiltak 8.I Analyse av kvifor interkommunale planar er lite utbreidd i fylket.

Mål 9: Bidra til utvikling av nye marine artar gjennom å legge til rette areal

Tiltak 9.1 Vurdere korleis vi kan bidra til å finne eigna lokalitetar/areal for nye marine artar

Tiltak 9.2 Bidra til at kommunale arealplanar sett av areal både til dyrking av makroalgar, til landbaserte anlegg og til laks og aure.

Tiltak 9.3 Gjere kommunane merksame på næringa sin trong for nye og eigna areal, og bidra med konkrete innspel i dei kommunale arealplanane i sjø.

Mål 10: Jobbe for at landareal i tilknytning til nasjonale laksefjordar kan nyttast til oppdrett av laks og aure

Tiltak 10.1 Etter møtet med Fiskeriministeren i november 2017, følgje opp tema overfor stortingsbenken (Sogn og Fjordane) og på politikardag.

Delmål 3: Innovasjon og nyskaping

Innan nye marine artar har vi i fylket m.a. ei nasjonal føregangsbedrift innan landbasert dyrking av kveite, vi har framleis ein produsent av blåskjel og vi har fleire aktørar innan dyrking av makroalgar (tang og tare), der ei bedrift ligg lengst framme også i nasjonal målestokk. For å bidra til at akvakulturnæringa i fylket utnyttar ressursane i sjø- og landareala meir optimalt, ynskjer vi å vidareutvikle nye marine artar-næringane. Både gjennom å finne optimale arts-spesifikke areal (program Arealbruk) og gjennom å fremje innovasjon og nyskaping kan vi bidra til vidareutvikling for nye artar.

Både for nye marine artar og for den etablerte akvakulturnæringa vil programmet etablere fleire vertikale eller horisontale innovasjonsnettverk. Det å legge til rette for arenaer for å bygge slike nettverk vil vere ei hovudoppgåve i neste fire-års periode.

Handlingsplan 2018 for Delmål 3

Mål 11: Bidra til å etablere marine innovasjonsnettverk

Tiltak 11.1 Gjennomføre minst 2 samlingar (arenabygging) med tanke på å etablere nye marine innovasjonsnettverk

Mål 12: Kartlegge årsakar til låg grad av vidareforedling av sjømat i fylket

Tiltak 12.1 Gjennomføre ein studie om kva som er barrierane som hindrar vidareforedling av sjømat

Mål 13: Bidra til å få fram fleire utviklingsprosjekt i marine næringar, også innan nye marine artar

Tiltak 13.1 Gje finansiell støtte frå IN til utviklingsprosjekt innan fiskeri og akvakultur, og særskild vurdere nye marine artar-prosjekt

Tiltak 13.2 Nytte kompetansemeklar i VRI til å auke tal søknadar til utviklingsprosjekt

8.2 Ressursar til arbeidet

Fylkeskommunen finansierer arbeidet med kr 950.000. Arbeidet har elles tilgang på marint verdiskapingsfond, midlar frå Innovasjon Norge og Regionalt forskingsfond

9 Politiske problemstillingar

Politiske problemstillingar er lista opp som del av verdiskapingsplanen og er samla på: <http://verdiskapingsplanen.no/politiske-problemstillingar/>

Politiske saker vert fremja etter kvart som problemstillingar er aktuelle.

Næringsforum ønskjer å møte hovudutval for næring og kultur til ein dialog om dei politiske sidene ved verdiskapingsplanen på eit av hovudutvalsmøta. Framlegget er møtet 23. oktober 2018.